

# Biologisk mangfold

## Rettleiing SMIL midlar for perioden 2021-2024

### Vilkår:

Viser til § 2, § 3 og § 4 i Forskrift om tilskot til særlege miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2020-12-21-3044 med verknad frå 01.01.2021.

### Søknad:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema LDIR- 430 N *Søknad om tilskot til Spesielle Miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*. Du finn elektronisk skjema ved å gå inn [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) velg deretter skjema i høgremarg og søk opp skjemaet »Søknad om Spesielle miljøtiltak i jordbruket« og logg inn på skjemaet med Bank-id.

Sjå elles rettleiing på søknadsskjema og Strategiplan for SMIL midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Strategiplanen skal ligge på heimesida til kommunane under landbruk. Visst du ikkje finn den der ta kontakt med Herøy kommune, avdeling Landbruk, Nedre Dragsund 2, 6080 Gurskøy eller på e-post til [landbruk@heroy.kommune.no](mailto:landbruk@heroy.kommune.no)

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert handsama før den er fullstendig med alle opplysningar og vedlegg. For å ha rett på tilskot til tiltaket (prosjektet), kan ikkje arbeidet startast før det er løyvd midlar til tiltaket. Ved løyving vert det gitt inntil 3 års arbeidsfrist som etter skriftleg søknad kan forlengjast med inntil 2 år.

### Vedlegg som skal liggje ved søknaden:

- Kostnadsoverslag for tiltaket
- Kart i målestokk 1:1000, 1:2000 eller det som er høveleg
- Gjødselplan
- Sprøytejournal
- Kart i målestav 1: 5000 over eige og leigd areal som føretaket disponerer
- Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifta §6
- For søknad om tiltak på annan manns eigedom skal det leggjast ved dokumentasjon på at eigar samtykker i at tiltaket/ prosjektet kan gjennomførast

### Tiltaket:

Særskild skjøtsel av sårbare eller raudlista arter.

### Timesatsar:

Eige arbeid:

- Kr. 350 pr. time.
- Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.  
Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

Leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time.

### Tilskotsats:

Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.